



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Noregs forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen
0131 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
13/53-2

Dato

20 FEB 2013

Statsbudsjettet 2013 - oppdragsbrev

1 Økonomisk ramme stilt til disposisjon for 2013

Kommunal- og regionaldepartementet viser til Prop. 1 S (2012–2013) for departementet, Innst. 16 S (2012–2013) og orienteringsbrevet datert 8. oktober 2012.

I dette oppdragsbrevet gjev departementet rammene til Noregs forskingsråd over kap. 500 post 21, kap. 500 post 50 og kap. 552 post 72 og delegerer forvaltninga av denne ramma til Noregs forskingsråd. Det er utarbeidd egne retningslinjer for forvaltninga av kap. 552 post 72 (sjå vedlegg 1). Brevet inneheld presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilt til disposisjon for verksemda til Noregs forskingsråd i 2013.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
500	21	Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag	2 800
	50	Forskningsprogram under Noregs forskingsråd	15 750
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	84 200
SUM			102 750

Kommunal- og regionaldepartementet stiller totalt 102,75 mill. kroner til disposisjon for Noregs forskingsråd i 2013. På kap. 500 post 21 er det løyvd 2,8 mill. kroner, på kap. 500 post 50 er det løyvd 15,75 mill. kroner, og på kap. 552 post 72 er det løyvd 84,2 mill. kroner. Vedlegg 2 inneheld ei oversikt over rammefordelinga av heile programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

2 Felles føringar frå departementa

2.1 Noregs forskingsråd sine mål

Dette er hovudmåla for Noregs forskingsråd, som gjeld ved alle løyvingar frå departementa og fylkeskommunane:

- Mål 1: auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet
- Mål 2: god ressursutnytting og føremålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskningssystemet
- Mål 3: at resultat frå forskinga blir tekne i bruk i næringslivet, samfunnslivet og forvaltninga i heile landet

Kommunal- og regionaldepartementet har i tillegg mål som er knytte til satsingar på departementet sitt eige budsjett, og på programverksemda.

2.2 Overordna utfordringar og prioriteringar for 2013

Kunnskapsdepartementet har i tildelingsbrevet for 2013 til Noregs forskingsråd gjeve dei overordna føringane som er felles for departementa.

3 Prioriteringar i oppdraget frå KRD

3.1 Kap. 552 post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Løyvinga til Noregs forskingsråd er ein ekstrainsats som skal bidra til attraktive og lønsame arbeidsplassar og utløyse verdiskapingspotensialet i område med særlege utfordringar. Innsatsen skal fremje omstilling, nyetableringar og innovasjon. Midlane skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

Kvinner, unge (18–35 år) og innvandrarak er framleis prioriterte grupper. Målet er at minst 40 prosent av dei næringsretta verkemidla under departementet skal nå fram til kvinner innan 2013. Det gjeld særleg direkte bedriftsretta støtte.

Kommunal- og regionaldepartementet har sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet.

Tiltaka under kap. 552 post 72 høyrer inn under hovudmål 1 og hovudmål 2 i denne målstrukturen og fordeler seg i hovudsak på to arbeidsmål, jf. tabell 2.

Tabell 2. Samanhengen mellom arbeidsmål og program under Noregs forskingsråd i 2013.

Arbeidsmål	Program og satsingar	Tildeling i 2013 Mill. kr
1.1 Styrking av næringsmiljø	VRI (frå 2013 inkludert regionale representantar)	44,2
2.2 Kompetanse	"Forskingsløft i nord"	40,0
SUM		84,2

Innsatsen på kap. 552 post 72 til Forskringsrådet er auka med 12 prosent frå 2012 til 2013 – frå 75,2 mill. kroner til 84,2 mill. kroner.

Nedanfor følgjer ei konkretisering av bruken av midlane på utvalde tema under kvart arbeidsmål. Departementet viser elles til planane for dei einskilde programma når det gjeld mål og forventat resultat av innsatsen. Administrasjons- og gjennomføringskostnader som knyter seg til dei ulike aktivitetane og programma, skal dekkjast innanfor dei gjevne rammene for programma. Desse kostnadene skal gjerast synlege i rapporteringa.

Arbeidsmål 1.1

VRI (Verkemiddel for regional FoU og innovasjon): Departementet set av 44,2 mill. kroner til VRI-programmet i 2013. Ramma til VRI-programmet er auka med 5,2 mill. kroner. Summen inkluderer 1,2 mill. kroner til regionale representantar, som frå 2013 blir lagde inn i VRI-programmet. Auken skal mellom anna gå til å styrkje Forskarskolen for innovasjonsforskning og læring. Departementet ber om at Noregs forskingsråd på styringsmøta held departementet orientert om arbeidet med koplinga mellom VRI og dei regionale forskingsfonda. Departementet ber også om å bli fortløpande oppdatert om oppfølginga av midtvegsevalueringa av VRI og planane for tredje programperiode (2014–2016).

Handlingsplan for kultur og næring: Departementet har ikkje øyremærkt løyvingar til satsing på kultur og næring i VRI-satsinga i 2013. Departementet oppmodar likevel Noregs forskingsråd om å halde oppe eit eige engasjement knytta til prosjekt innanfor kultur og næring, bygd på dei ordinære løyvingane til dei aktuelle programma.

Arbeidsmål 2.2

Forskingsløft i nord: Løyvinga til "Forskingsløft i nord" blir auka med 5 mill. kroner til 40 mill. kroner. Auken i midlane skal gå til å sikre størst mogleg aktivitet i heile gjennomføringsperioden, som til dømes arbeidet med å etablere næringsrelevante utdanningstilbod og aktivitetar som gjer kunnskapen tilgjengeleg for eksterne brukarar. Innsatsen skal sjåast i samanheng med programverksemda under verkemiddelaktørane og dei desentraliserte verkemidla over kap. 551 post 60 og post 61 i Nord-Noreg, jf. retningslinjene for kap. 550 post 60 og post 61, jf. nettsidene til departementet.

3.2 Kap. 500 post 21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag

Regionaløkonomiske modellar og forskning på val av busetjing

Det blei i 2012 sett i gang ei ny satsing med regionaløkonomiske modellar og forskning på val av busetjing. Løyvinga går over fem år.

Departementet stiller totalt 2,8 mill. kroner til rådvelde over kap. 500 post 21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag. Heile løyvinga skal nyttast til arbeidet med dei regionaløkonomiske modellane og forskinga på busetjingsval. Formidling skal vere ein del av satsinga.

3.3 Kap. 500 post 50 Forskingsprogram under Noregs forskingsråd

Departementet stiller totalt 15,75 mill. kroner til rådvelde over kap. 500 post 50

Forskingsprogram under Noregs forskingsråd. Av dette skal 10,75 mill. kroner nyttast til å føre vidare forskning under programmet Demokrati, styring og regionalitet (DEMOSREG) og 5 mill. kroner til å integrere bustadspørsmål i programmet Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM).

DEMOSREG: Målet for DEMOSREG er å få fram kunnskap om demokratiutfordringar, lokale og regionale styringsutfordringar og regionale strukturendringar. Samanhengen mellom desse tema skal gjerast tydeleg. Hovudutfordringa ligg i å skaffe kunnskap om dei trekka i samfunnsutviklinga som særleg har å gjere med demokrati- og styringsutfordringane og den geografiske dimensjonen i utfordringane. Behova til departementet er primært knytte til bruksforskning og utvikling. Departementet ynskjer difor at det blir lagt vekt på forskning for politikkkutforming. Departementet legg til grunn at Noregs forskingsråd sørgjer for god formidlingsaktivitet. Departementet vil òg be Noregs forskingsråd om ei kort oppsummering av resultata frå prosjekta i fase 2 når dei er avslutta. Departementet deltek i programstyret.

VAM-programmet: Departementet vil synleggjere den rolla bustadpolitikken spelar i velferdspolitikken, og har difor lagt 5 mill. kroner inn i VAM-programmet frå 2011. Føremålet er å få fram ny kunnskap om bustadspørsmål sett i eit heilskapleg velferdsperspektiv. Målet for VAM-programmet er å skaffe ny kunnskap av høg kvalitet om grunnlaget for velferdssamfunnet, verkemåtar og prosessar. Prioriterte forskingsspørsmål for programmet er mellom anna sosial ulikskap og fattigdom, familie og samfunn, marginalisering og kriminalitet, helse og funksjonsevne, og migrasjon. Dette er temaområde som er sær relevante i samband med bustadspørsmål. Departementet ynskjer å ha ein god og aktiv dialog med Forskingsrådet om deltakinga vår i programmet. Fordi det rådgevande utvalet for VAM no blir lagt ned, ynskjer departementet å ha møte med Forskingsrådet om viktige hendingar i VAM, som utlysingar og revisjon av programplanen.

3.4. Bygg21 – samarbeid

Departementet ynskjer å invitere Noregs forskingsråd til eit samarbeid om Bygg21-programmet, som skal startast opp i 2013. Det første året skal Bygg21 føreslå nasjonale strategiar for byggjenæringa innan FOU og innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling og formidling av kunnskap og erfaringar. Departementet vil tilby Forskingsrådet plass i styret for Bygg21.

4 Andre føresetnader

KRD viser til administrative fellesføringar i KDs tildelingsbrev til Noregs forskingsråd, mellom anna felles føresetnader og krav og styringsdialog, rapportering og evaluering. Desse føringane gjeld alle departementa som gjev oppdrag til Forskingsrådet.

Vilkår og retningslinjer

Midlane skal disponerast i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, programomtalane, retningslinjene for kap. 552 post 72 og regelverket for offentleg støtte innanfor EØS-avtalen, jf. vedlegg 1.

Noregs forskingsråd skal varsle departementet om avvik frå dei vedtekne planane eller oppdragsbrevane straks verksemda får kjennskap til slike avvik.

Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane

Noregs forskingsråd skal føre vidare det gode samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, mellom anna om felles programsatsingar som NCE-programmet og kvinnesatsinga. Departementet ber òg Noregs forskingsråd føre vidare samarbeidet med fylkeskommunane og med andre aktørar for å bidra til regional utvikling.

Kommunikasjon og informasjon

Noregs forskingsråd skal aktivt synleggjere resultat det har oppnådd på departementet sitt politikkområde, både overfor eksterne målgrupper og overfor departementet. Noregs forskingsråd skal orientere departementet i god tid før offentleggjinga av viktige utgreiingar og av rapportar som departementet har bestilt og gjeve midlar til. I tråd med dei avtalte rutinane skal Noregs forskingsråd varsle departementet om saker som kan bli store i media, både kontroversielle saker og saker som elles kan skape stor offentleg merksemd. Departementet legg til grunn at Noregs forskingsråd kjem med framlegg til moglege profileringar og tek kontakt med departementet for å få avklart om departementet skal vere med på synleggjinga av resultat og einskildsaker.

5 Rapportering og resultatoppfølging

Overføring av midlar

For kap. 500 post 21 blir midlane utbetalte ved utgangen av 2013. For kap. 500 post 50 betaler departementet ut 50 prosent av midlane, i alt 7,8 mill. kroner, samstundes med

oppdragsbrevet. Resten blir utbetalt innan utgangen av 2013. For kap. 552 post 72 overfører departementet rammene i like store delar tre gonger i løpet av året – i februar, juni og oktober. Midlane blir overførte til den same kontoen som i 2012, med mindre vi får melding om noko anna.

Rapportering

Departementet og Forskingsrådet skal minst to gonger i året ha faste styringsmøte, eitt om våren med vekt på rapportering og eitt om hausten med vekt på budsjett.

Departementet viser dessutan til vedlegg 3 *Rapporteringskalender for 2013* og vedlegg 4 *Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra Kommunal- og regionaldepartementet*. Vedlegg 4 er oppdatert i samsvar med rapporteringssystemet for programkategori 13.50. Rapporteringa blir mellom anna nytta i aktivitetsrapporteringa frå departementet i Prop. 1 S.

Departementet ber om at Noregs forskingsråd vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet i den skriftlege årsrapporten.

Departementet ber òg om å få ein rapport om utviklinga i prosentdelen kvinner innanfor alle program og tenester for å synleggjere kjønnsbalansen når det gjeld deltakarane og den stønaden som er tildelt.

Rekneskap og kontroll med løyvingane

Noregs forskingsråd skal føre ein eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva for aktørar og kva for prosjekt som har fått midlar, og kor mykje dei har fått. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

Evalueringar

Noregs forskingsråd skal gjennomføre evalueringar av program, satsingar og tenester, jf. økonomireglementet (§ 16). Departementet ber om å bli involvert tidleg i prosessane, for å delta i utforminga av oppdraga, og i referansegrupper. Departementet skal informerast om resultata av evalueringane og korleis Noregs forskingsråd vurderer dei og planlegg å følgje dei opp.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg

1. Retningslinjer for kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling
2. Rammefordeling 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
3. Rapporteringskalender for 2013
4. Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra Kommunal- og regionaldepartementet

Kopi til:

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Riksrevisjonen

Postboks 8130 Dep

0032 OSLO